


BUTIKKLIVET I MEISINGSETVÅGEN

Av Leif Arne Storset



DEN FØRSTE TIDA - TIL 1923

Den første landhandelen vart starta i 1878 av Jøren Elisabeth Tonning. Av ukjende grunnar dreiv ho berre i tre år. E. Hoås dreiv med handel i 1886, men det er ukjent når han tok til og når han slutta. Anton Karl Nilsen frå Nesset vart beden om å starte fast landhandel, og han heldt på fram mot hundreårsskiftet. Det vart behov for butikk i samband med bygginga av sagbruket i 1870-åra, Nordmøre Trelastforening og Damp-sagbruk på Nesset utover mot Fjølnevangen. Bruket var knytt saman med Meisingsetvågen med ei flytebru (sjå foto side 73).

Meisingset Handelsforening kom truleg i gang med butikksal i 1892 med Johannes Olson Åsgård (f. 1872) som styrar. Handelsforeninga, så kalla til dagleg, hadde vareutsal i Nistunaustet, som låg der plena til Steinbua er no. I 1896 tok broren til Johannes, Martinus, over, mens han sjølv var handelsreisande for Grimsmo & Co i Kristiansund nokre år. Der gifta han seg i 1899 med Marit Toresdotter Åsprong, f. 1874, og fekk tre barn. Av dei er Tora, f. 1900, den eldste.